

1

2

3

4

5

6 **Valreglement for Studenttinget ved Høgskulen i Volda**

7 AU sitt forslag til revidert valreglement,

8 til behandling på Studenttingsmøte 31.01.18

9

10

11

12

13

14

15

16

17

18

19

20

21

22

23

24

25 **§ 1 Val til Studenttinget i Volda**

26 **§ 1-1 Valmåte og samansetjing av Studenttinget**

27 Studenttingsvalet føregår kvart år ved studiestart. Valet skal føregå anonymt og elektronisk.
28 Representantane vert valde for eitt studieår. Arbeidsutvalet i STiV er ansvarleg for
29 gjennomføringa av valet.

30
31 Samansetjinga av Studenttinget vert regulert av vedtektene til Studenttinget, § 5.1. Det skal
32 veljast 11 studenttingsrepresentantar og 11 varaer. Desse fordeler seg slik: kvar av dei fire
33 avdelingane ved Høgskulen røystar fram to representantar. Dei tre som ut ifrå prosentvis
34 oppslutning får tredjeplass i sin avdeling, får tildelt plass som fri representant. Når dei faste
35 representantane er på plass, vert vara-plassane fylt opp på tilsvarande måte.

36

37 **§ 1-2 Røysterett og valbarheit**

- 38 a) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda har røysterett ved studenttingsvalet.
39 b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

40

41 **§ 1-3 Røystelikskap**

42 Ved røystelikskap vert det avhalde omval mellom dei berørte kandidatane, der Arbeidsutvalet
43 i Studenttinget (AU) er valkrins. AU har då høve til å ha samtalar med kandidatane.

44

45 **§ 1-4 Fristar**

- 46 a) Valet skal gjennomførast innan utgangen av september kvart år.
47 b) Valtidspunkt skal annonserast minst ei veke før valet vert gjennomført.
48 c) Kandidatar kan melde seg fram til dagen før avstemminga byrjar.

49

50 **§ 1-5 Suppleringsval**

51 Suppleringsval vert gjennomført etter behov. Studenttinget er valkrins. Vararepresentantar
52 rykkjer då opp, og det blir supplert frå botnen. Arbeidsutvalet i STiV annonserer
53 suppleringsvalet, finn kandidatar og innstiller på nye (vara)representantar for Studenttinget.

54

55 **§ 2 Val til Arbeidsutvalet i STiV**

56 **§ 2-1 Valmåte og samansetjing av Arbeidsutvalet**

57 Studenttinget vel nytt arbeidsutval kvart år i april. Representantane vert valde for eit år. Valet
58 vert gjennomført som urneval, og allminneleg fleirtal gjeld. Akklamasjon vert ikkje godkjent.
59 Studenttinget set ned eit teljekorps før avstemminga. Kandidatane kan halde valtale, og det
60 skal opnast for spørsmål frå salen til kandidatane.

61

62 Samansetjinga av AU blir regulert av vedtektene til Studenttinget, § 6.1. Begge kjønn skal
63 vere representert i AU. AU tiltrer i det dei blir valde.

64

65 **§ 2-2 Valkrins og valbarleik**

66 a) Studenttinget er valkrins.

67 b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

68

69 **§ 2-3 Røystelikskap**

70 Ved røystelikskap skal det haldast omval mellom dei berørte kandidatane. Studenttinget er
71 valkrins. Resulterer også dette i røystelikskap, får AU og alle andre studentar som er til stades
72 i møtet røysterett, forutan organisasjonskonsulenten og kontrollkomitéen.

73

74 **§ 2-4 Fristar for gjennomføring av valet**

75 a) Alle verv i arbeidsutvalet vert valt på det siste møtet i vårsemesteret.

76 b) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.

77

78 **§ 2-5 Suppleringsval**

79 Suppleringsval vert gjennomført etter behov, og skal gjennomførast på første
80 studentingsmøte etter at eit medlem i AU har meldt avgang. Blir ein student valt inn i AU
81 same semester som det skal haldast ordinært val, treng ikkje vervet å lysast ut på nytt før året
82 etter.

83

84

85 § 3 Val av tillitsvalde

86 § 3-1 Valmåde

87 Kwart studieprogram på 30 studiepoeng eller meir per semester er valkrins for val av éin
88 tillitsvald og éin vara. Nett- eller deltidsstudium er ikkje pålagt å velje tillitsvalde. Val av
89 tillitsvalde vert gjennomført som handsopprekking eller akklamasjon. Det skal gjennomførast
90 urneval dersom nokon i valkrinsen ynskjer det. Dei tillitsvalde vert valde for eit studieår.

91

92 § 3-2 Røysterett og valbarheit

93 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.

94 b) Alle studentar i valkrinsen kan stille til val.

95

96 § 3-3 Fristar

97 a) Valet skal gjennomførast i løpet av dei tre første vekene i haustsemesteret.

98 b) Valtidspunkt skal annonserast minst to dagar før valet vert gjennomført.

99 c) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.

100 d) Valresultatet skal meldast til STiV så snart som mogleg etter at valet er gjennomført.

101 Kontorsjef og studieleiar er ansvarleg for dette.

102

103 § 4 Val av studentrepresentantar til råd og utval ved Høgskulen i Volda

104 § 4-1 Valmåde og samansetjing

105 Universitets- og høgskulelova § 4-4 slår fast at studentar ved universitet og høgskular skal
106 utgjere minst 20 % av medlemene i alle kollegiale organ gitt avgjerslemynde ved
107 institusjonen. STiV er ansvarleg for gjennomføringa av val av representantar og varaer til
108 desse utvala. Alle registrerte studentar ved høgskulen kan stille til val. Studenttinget er
109 valkrins der ikkje anna er oppgjeve, jf. § 4.2. Representantane vert valde for eit studieår.

110

111 Valet vert gjennomført som urneval dersom ein i valkrinsen krev det. Akklamasjon og vanleg
112 stemmegjeving er godkjent. Nokre av utvala har spesifikke krav om samansetjing knytt til t.d.
113 kjønnsbalanse, personleg eller rekkjefylgje-vara osv. Studenttinget må sjå til å fylgje det
114 enkelte utval sine retningslinjer i gjennomføringa av valet.

115

116

117 **§ 4-2 Studenttinget som valkrins**

118 Studenttinget er valkrins for fylgjande utval: Strategisk studienemnd, Internasjonalt utval,
119 Læringsmiljøutvalet (LMU), Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar
120 (TUFO), Klagenemnda, Valstyret, Skikkanemnda og Forskingsutvalet. I tillegg er
121 Studenttinget valkrins for studentrepresentantar til styret i Studentsamskipnaden i Volda.

122

123 Studenttinget er ikkje valkrins for studentrepresentantar til Høgskulestyret. Valet til
124 Høgskulestyret er difor ikkje omfatta av Studenttinget sitt valreglement.

125

126 **§ 4-3 Representasjon i råd og utval basert på verv i AU**

127 Kwart av verva i AU er kopla til ein fast plass i ulike utval ved Høgskulen. Dette er regulert av
128 stillingsomtalane til AU, som årleg er oppe til revidering i Studenttinget.

129

130 **§ 4-3 Røysterett og valbarleik**

131 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.

132 b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

133

134 **§ 4-4 Fristar for gjennomføring av valet**

135 a) Val til råd og utval ved Høgskulen der Studenttinget er valkrins skal gjerast på det
136 første studenttingsmøtet i haustsemesteret kvart år.

137 b) Valet av studentrepresentantar til Studentsamskipnaden i Volda skjer på siste møtet i
138 vårsemesteret.

139 c) Val skal annonserast minst ei veke før vala vert gjennomført.

140

141 **§ 4-5 Suppleringsval**

142 Suppleringsval skal gjennomførast ved behov, på første studenttingsmøte etter at ein student
143 har meldt avgang frå sitt verv. Her gjeld same prinsipp som for studenttingsvalet, ved at vara-
144 representantar rykkjer opp, og varalista blir supplert nedanfrå.

145

146

147

148

149